



Forsvarsbygg
Harry Hellebust
Postboks 405 Sentrum
0103 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8042 - 20/34272

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@alver.kom
mune.no

Dato:
10.06.2020

Tilbakemelding - førespurnad om søknadsplikt for mellombels lagring av forurensa masser - gbnr 355/10 Fløksand

Viser til førespurnad om søknadsplikt for mellombels lagring av forureina massar på gbnr. 355/10.

Plassering av mellombelse bygningar, konstruksjonar og anlegg for ein periode på inntil 2 månadar er ikkje søknadspliktige etter plan- og bygingslova (pbl) § 20-5 tredje ledd, jf. § 20-1 bokstav j). Til tross for omfanget, finn kommunen grunnlag for å fritta frå søknadsplikt etter pbl kapittel 20 for tiltaket då tiltaket berre skal plasserast der for ein periode på 6-8 veker, jf. pbl § 20-5 første ledd bokstav g).

Arealet som massane skal lagrast på er satt av til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF) i kommunedelplanen til Meland. Utgangspunktet er dermed at tiltaket krev mellombels dispensasjon frå arealmålet LNF, jf. pbl § 19-3, jf. § 19-2 andre ledd. Etersom massane skal plasserast for ein periode på 6-8 veker og Fylkesmannen i Vestland har teke stilling til gjennomføringa, og godkjent tiltaket, finn ikkje Alver kommune grunnlag for å krevje søknad om mellombels dispensasjon. Vi føreset at arealet vert tilbakeført til eksisterande situasjon når tiltaket er gjennomført.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Forsvarsbygg

Postboks 405 Sentrum

0103

OSLO